

DKS-tilbodet «TIDSKAPSELEN», på Sunnfjord Museum

Tema: Identitet i fortid, notid og framtid.

Innhald:

Med *Tidskapselen* som overordna tittel for DKS-tilbodet ynskjer vi å gje elevane kjennskap til Sunnfjord Museum sitt museumsarbeid og ansvarsoppgåver for vern av kulturarv, og korleis kulturarv er med å gje grunnlag for identitet og forståelse for eigne tradisjonar som noko verdifullt. Identitetsomgrepet blir diskutert vidare i undertemaet «identitet i fortid, notid og framtid» der vi mellom anna ynskjer å gje elevane eit historisk tilbakeblikk på korleis identitetsomgrepet har endra seg gjennom dei siste 200 åra, og der vi vil gje dei eit bilete av kva grad unge på slutten av 1800-talet kunne forme sin eigen identitet. Kva er identitet, og kva spelar inn i forming av den? Kva fridom hadde ein på slutten av 1800-talet til å forme sin eigen identitet?

Førearbeid på skulen:

Elevane skal arbeide med identitetsomgrepet på skulen gjennom diskusjon/samtale, og gjennom utforming av eit personleg «Eg-tre». Dette treet skal være med å skape bevisstheit om eigen identitet, og hjelpe dei til refleksjon rundt eigne val og personleg ansvar.

Klassen skal og i fellesskap finne fram til tre fysiske gjenstandar som dei meiner ungdommen frå heimkommunen identifiserer seg med. Kva gjenstandar meiner dei er viktige å ta med i ein tidskapsel, og kvifor? Gjenstandane skal presenterast i plenum på museet (10 minutt presentasjon av 2-3 elevar).

1. Diskusjon/samtale om identitetsomgrepet.

Kva er «identitet»? Kva formar identiteten min/vår?

Forslag:

A: Familie, oppvekst, vener, val ein gjer, verdiar, sosiale mediar, samfunnet vi er ein del av (landet, byen, landsbygda).

B: Verdiar under press: har vi eit sett felles verdiar og ein felles identitet som alle er eller bør vere ein del av? Opnar vi for eit mangfald av identitetar i samfunnet vårt?

Til dømes; kva har kommune- og fylkessamanslåinga hatt å seie for dykkar følelse av identitet og tilhøyrighet?

2. Tidskapsel

Klassen blir einige om tre gjenstandar som dei meiner dei kan identifisere seg med. Kvifor er det viktig for dei å legge akkurat desse gjenstandane ned i ein tidskapsel? Kva vil dei fortelje med desse gjenstandane til framtidige generasjonar? Klassen blir einige om 2-3 elevar som skal presentere gjenstandane og gje ei grunngjeving for kvifor desse vart valgt. Presentasjonen gjerast i plenum på museet.

3. «Eg-treet» (ligg som PDF-vedlegg på KSYS)

Elevane skal fylle ut eit «eg-tre» som dei tar med til museet. Det er frivillig om dei vil være anonyme, skrive på namn eller lime inn eit lite bilete av seg sjølv. Treet skal visualisere elevane sin identitet og samtidig hjelpe dei til å «historisere» seg sjølv; dei må skrive inn kva som har forma dei i fortida (treet sine røter), korleis dei ser seg sjølv i notida (treet sin stamme) og kva dei ynskjer for framtida (greinene på treet).

a) Eg er eit produkt av fortida:

- Kva har gjort at du er/ kan være den du er i dag? T.d. sentrale historiske hendingar, familiehistorie, sentrale personar, verdisyn, menneskeverd, personlege hendingar.

b) Kven er eg? Kva er min identitet no? Er eg ein del av ein eller fleire felles identitetar?

c) Eg skal vere med på å forme framtida:

- Det eg gjer, bidrar med eller er vitne til kan få konsekvensar for framtida – på same måte som fortida har hatt konsekvensar for meg. Kva hendingar kan forme framtida, og korleis kan eg være med på å påverke dette? (menneskesyn, verdiar osv.)

- Kva er mine val og draumar? Kva ynskjer eg for framtida mi – og vår?

Treet som vert fylt ut på skulen er ein introduksjon til «Eg-treet», og dei skal jobbe meir med denne metoden på museet. Då skal elevane ta utgangspunkt i nye identitetar – som ungdom/elevar på slutten av 1800-talet.

4. Deltakarar til konkurranse på museet

I år har formidlingsleiaren på Sunnfjord Museum laga ein liten stafett som skal gjennomførast på slutten av museumsbesøket. I stafetten skal elevane løyse ulike arbeidsoppgåver og svare på spørsmål, og klassane/skulane konkurrerer her mot kvarandre om å få best tid og vinne vandrepokalen.

Før museumsbesøket skal klassen velge ut deltakarar (både jenter og gutar!) til dei ulike aktivitetane på stafetten.

Dei ulike aktivitetane på stafetten er:

- **Bære vatn med vassele:** Her trengst det 3 elevar. Denne delen av stafetten er krevjande. Ein bær tungt, og ein skal gå fort/springe med børa på skuldrane.
- **Spørsmålsrunde:** Denne delen av stafetten skal løysast av 1 elev. Her skal eleven springe til ulike postar med spørsmål. Eleven skriv ned det riktige svaralternativ og leverer desse til formidlar ved løypa sin slutt. Ved kvart feil svar blir det lagt til 1 minutt i sluttida.
- **Slå spikar i trestubbe:** Her trengst det 1 elev. Her skal eleven slå ein spikar heilt ned i ein trestubbe. Tida stoppar når spikaren er slått heilt ned.

På museet/praktisk:

På museet blir temaet «tidskapselen» synleggjort gjennom presentasjon av Sunnfjord Museum sitt museumsarbeid og ansvarsområde, i tillegg til elevane sine egne val av gjenstandar.

Arbeid med identitet og «historisering» blir gjort ved å vise eksempel på korleis ulike sider av samfunnet (nasjonen/bygda, levevilkår, identitetskjenne, verdiar osv.) har endra seg sidan 1850, og korleis dette har vore med på å forme det samfunnet dei sjølv tek del i.

- I kva grad hadde unge på slutten av 1800-talet moglegheit til å skape sin eigen identitet? Hadde alle dei same moglegheitene til å bli kva dei ville?
- Det vil bli gitt eksempel på korleis ulike samfunnsendringar opna for moglegheiter og rettigheter for det enkelte individ.

Kvar elev og (lærer!) får utlevert ny identitet/rolle som elev på slutten av 1800-talet, og vi snakkar om synet på individet, verdisyn, valgmoglegheit og framtidsutsiktene til born av ulike samfunnsgrupper.

Timeplan (denne kan ha varierende tidspunkt for start/slutt, alt etter reiseveg for kvar enkelt skule.)

10:00: Velkommen!

- Praktisk informasjon om dagen

10.30-11.30 Introduksjon til museet, museumsarbeid og ansvarsområde. Kulturarv og identitet. Sunnfjordbygdene og samfunnet på 1800-talet: levevilkår, verdisyn, nasjonsbygging og individet. Utlevering av ny identitet/roller til den enkelte elev.

11.30-12: Matpause

12.00-13.00: I skulestova. Utlevering av dei siste nye identitetene/roller til den enkelte elev. Skulen på slutten av 1800-talet: Synet på individet, verdisyn, valgmoglegheiter og framtidsutsiktene til born av ulike samfunnsgrupper.

13.00-14.00: Avslutning. Konkurrans.

Viktig informasjon:

- Det er viktig at elevane kler seg godt etter vêret! Vi skal vere mykje ute! Dei må også ha niste og drikke med, og gjerne tørt skift med.
- Til læraren: Vi oppfordrar lærarane til å utforme sitt «Eg-tre», og til å vere delaktig i det som skjer under museumsbesøket.
- Alle grupper som deltek på opplegga må ha med seg ein eller fleire vaksne, og det er læraren som har ansvar for gruppa.
- Vi ynskjer å gje elevane gode opplevingar, og det er bra å vere førebudd. Snakk med elevane før besøket. Kva er eit museum, korleis oppfører vi oss, og kva skal gå føre seg under besøket?
- Meld frå i god tid om de har særskilde behov.

Forankring i læreplanen:

Ein del av læreplanen i samfunnsfag handlar om å «historisere» seg sjølv – å sette seg sjølv inn i ein historisk kontekst og sjå at ein både er eit produkt av fortida, og at ein bidrar til å forme framtida.

Ellers er opplegget forankra i desse aktuelle læreplanmåla/kompetansemåla (etter 10. årstrinn, i samfunnsfag. Ny læreplan frå 01.08.2021.):

- drøfte korleis framstillingar av fortida, hendingar og grupper har påverka og påverkar haldningane og handlingane til folk.
- reflektere over korleis menneske har kjempa og kjempar for endringar i samfunnet og samstundes har vore og er påverka av geografiske forhold og historisk kontekst.
- vurdere korleis arbeid, inntekt og forbruk kan påverke personleg økonomi, levestandard og livskvalitet.
- reflektere over likskapar og ulikskapar i identitetar, levesett og kulturuttrykk og drøfte moglegheiter og utfordringar ved mangfald.
- reflektere over korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og utfordra i ulike fellesskap, og presentere forslag til korleis ein kan handtere påverknad og uønskete hendingar.

Ta kontakt med formidlingsleiar, Nina Renate Brendsdal, e-post:

nina.brendsdal@misf.museum.no eller Tlf: 414 21 959 dersom de har spørsmål.

Velkommen til ein lærerik dag på Sunnfjord Museum.

